



RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 30.05.2018
Vår ref.: 2018/8571-4
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Mellombels fråsegn kulturminne - Vetås nordre - gnr. 85 bnr. 2 - dispensasjon våningshus på bruk - Radøy kommune

Vi visar til dykkar brev av 14.03.2018 med søknad om godkjenning i ovanfor nemnde sak, og vårt brev av 06.04.2018 med varsel om synfaring samt vårt brev av 18.04.2018 med varsel om arkeologisk registrering.

Arkeologar ved Hordaland fylkeskommune gjennomførte ei arkeologisk registrering i det aktuelle området 23.05.18. Under registreringa vart det påvist eit dyrkingslag som me foreløpig tolkar som forhistorisk og dermed automatisk freda etter kulturminnelova § 4. For å vere sikre på dyrkingslagets kulturhistoriske status må me senda inn ei C-14-prøve for datering. Me kan ikkje gje endeleg fråsegn før me har motteke prøveresultatet.

Skulle svaret frå C-14-dateringa vise at dyrkingslaget er automatisk freda, vil me på bakgrunn av funnstadens utstrekning tilrå ein forenkla dispensasjon frå kulturminnelova.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølsted
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Atle Johnny Vetås